

# HIELGESTUNDIER



NR 3, 2019 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 87. ÅRG



## I dette nummeret kan du lese om:

- Dei nye sokneråda
- Påmelde konfirmantar
- Kyrkjejubileum med konsert og gudsteneste
- Friluftsgudstenester
- Nytt om Alværa
- Bispevisitas

Foto: Bjørnar Otterstein

## HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø,  
Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn.

I redaksjonen:

Bjørnar Otterstein, Runar Matsui-Li og Andreas Ester

Layout: Bjørnar Otterstein

**Pengegaver vert mottekne med takk!**

**Bankgiro: 3705.24.53659**

Trykk/oppsett: Husabø Prenteverk

## Det er tre ting eg er glad for

For det første er eg glad for Kyrkjevalet og alle dei som har forplikta seg på 4 år i kyrkjelege råd og utval. Det var riktig kjekt å vere i Industristadmuseet ein heil dag under valet og vente på sambygdingar som kom innom for å gje ei stemme i urna. Å stemme i kyrkjevalet vil sei at kyrkja betyr noko for ein. Den lokale kyrkjelyden er ein viktig institusjon i bygda som er med på å halde lokalsamfunnet saman i fortid og framtid. I heile 2019 feirar vi Kyrkjebø kyrkje sine 150 år som soknekyrkje. Det har vore ei fin tid kor vi kan fokusere på kyrkja vår og kva den har betydd for mange gjennom fleire generasjonar.

For det andre er eg glad for alle ungdommar som har meldt seg til konfirmantførebuing i kyrkja. Det er heile 85% av ungdomskullet i kommunen. I eit år skal dei gå i kyrkja og læra meir om den trua dei blei døypt til for 15 år sidan. Velkommen skal de vera!

For det tredje er eg glad for engasjementet for klima og natur. Ungdomane våre har streika for klima og her om dagen kom ein nabo på døra og ville ha støtte til «nei til vindkraftutbygging i kommunen». Då eg var tenåring for over 40 år sidan hugsar eg kampar mot utbygging av vassdrag i norske fjellheimar. Det var mange protestar og lenkegjengar, men vi fekk likevel mange dammar og nye vegar inn i urørd natur. Aksjonane mot vasskraftutbygginga, og no; utbygging av vindmøller på fjelltoppar i norske kommunar er eit viktig bidrag i den demokratisk prosessen. Vi vil seie i frå at ikkje alt er greitt å gjera med naturen vår! Vi er stolte av all fornybar energi vi kan laga, og vi treng meir elektrisik kraft i det grøne skiftet difor trur eg det vil bli bygga propellar på norske fjelltoppar heretter. Men helst ingen i kommunen vår.

Sokneprest Runar Matsui-Li

[www.hoyanger.kyrkja.no](http://www.hoyanger.kyrkja.no)  
[www.facebook.com/kyrkjaihovanger/](https://www.facebook.com/kyrkjaihovanger/)  
[www.instagram.com/kyrkjai/](https://www.instagram.com/kyrkjai/)

### Høyanger kyrkjekontor

Dalevegen 4. Pb. 159  
6991 Høyanger  
Telefon: 57 71 41 00  
[post@hoyanger.kyrkja.no](mailto:post@hoyanger.kyrkja.no)

### Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik  
Telefon: 57 71 41 00  
[post@hoyanger.kyrkja.no](mailto:post@hoyanger.kyrkja.no)

### Kontorsekretær: Katarina Vattekar

Telefon privat: 97 58 96 55  
[katarina.maria.vattekar@hoyanger.kyrkja.no](mailto:katarina.maria.vattekar@hoyanger.kyrkja.no)

### Prost: Reidar Knapstad

Kyrkjevegen 23, 6809 Førde  
Telefon kontor: 57 82 81 80  
Direkte innval kontor: 57 82 81 83  
Mobil: 97 56 82 20  
E-post: [reidar.knapstad@fordekyrkje.no](mailto:reidar.knapstad@fordekyrkje.no)

### Sokneprest: Runar Matsui-Li,

6993 Høyanger  
Telefon kontor: 57 71 41 00  
Mobil: 48 89 00 86  
E-post: [runar.matsui-li@hoyanger.kyrkja.no](mailto:runar.matsui-li@hoyanger.kyrkja.no)

### Sokneprest: Andreas Ester,

6947 Lavik  
Telefon kontor: 57 71 41 00  
Mobil: 45 22 17 37  
E-post: [andreas.ester@hoyanger.kyrkja.no](mailto:andreas.ester@hoyanger.kyrkja.no)

### Kyrkjelydspedagog: Toril Lange,

6947 Lavik  
Telefon kontor: 5771 4100  
Mobil: 922 40966  
E-post: [toril.lange@eninvest.net](mailto:toril.lange@eninvest.net)

### Kyrkjevevje: Bjørnar Otterstein

Kyrkjekontoret i Høyanger  
Telefon privat: 57 71 32 23  
Telefon kontor: 57 71 41 00  
Mobil: 91 76 38 03  
E-post: [bjornar.otterstein@hoyanger.kyrkja.no](mailto:bjornar.otterstein@hoyanger.kyrkja.no)

### Kantor: Gerda Otterstein

6993 Høyanger  
Mobil: 94 18 67 09  
E-post: [gerda.otterstein@gmail.com](mailto:gerda.otterstein@gmail.com)

### Leiarar av sokneråda:

B og O: Øyvind Rømo 48161729  
Lavik: Geir Ytredal 48121513  
Kyrkjebø: Audun Digranes 91746841  
Høyanger: Marte Igelkjøn 99490121

### Leiar kyrkjeleg fellelråd:

[kartangvik@gmail.com](mailto:kartangvik@gmail.com)  
Audun Digranes 91746841

### Kyrkjjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 99398497  
Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77  
Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77  
Lavik: Bjarne Hellebø tlf. 97 75 10 21  
Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12  
Audun Engedal tlf. 41563628  
Bjordal: Norvald Bjordal tlf. 97 12 01 27  
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

**KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40**

## Apollos hadde fått opplæring om Herrens veg

Når vi bær borna våre til dåpen seier presten: «Saman med kyrkjelyden og heile kyrkja får de del i eit heilagt ansvar»: Å lære barnet om den kristne trua.

Apollos var ein jødisk mann som hadde fått opplæring i jødane si tru. Jødane, den religiøse kulturen på Jesu tid, var veldig flinke med trusopplæring. For jødane, var det å elske lova og leve etter boda, den rette vegen til Gud.

I vaksen alder fekk Apollos også opplæring om «Herrens veg»: Etter at Jesus vart korsfesta, gravlagd og stått opp frå dei døde, vaks det fram fellesskap som samlast i trua på den oppstadne Jesus Kristus. Apollos vart medlem av eit slik fellesskap som elska Jesus og som lærte andre om han. Det har alltid vore viktig for kyrkja å drive trusopplæring.

Som jøde hadde Apollos god kjennskap til det gamle Testamentet, og han trudde på «vegen». Blant folk flest var det å tru på vegen det same som å vera med i ei

sekt. I dag er vi ei stor gruppe i alle land som trur at Jesus Kristus er vegen til Gud. Jesus sa: «Eg er vegen, sanninga og livet». Vegen til Gud går gjennom dåp og tru på Jesus.

Det synes eg er godt å vite, for eg er ikkje noko spesielt godt menneske, og ofte er det nokre som minner meg på mine svake sider. Martin Luther, reformatoren på 1500 talet sa det slik; «Det er ikkje gjerningane Kristus har fridd oss frå, men dei falske baktankane med gjerningane». Paulus, som underkjente sine gode gjerningar, sa: «for meg er livet Kristus», og han kunne binde seg til lovnaden om å ikkje klippe håret, og ofra eigen familie for å stå til teneste for kyrkjelydane.

Vi legg på oss mange lovnader og oppgåver for å tene vår neste. Og livet krev mange gjerningar frå oss, det høyrer med på «vegen». Men vegen til Gud, det er Jesus, og ingen annan. Runar prest



# Dei nye sokneråda i Høyanger kommune

## **Høyanger sokn: Valdeltaking 8,2%**

1. Marit Tønning, 153 stemmer
2. Trond Gandrud, 151 stemmer
3. Vidar Myren, 136 stemmer
4. Lars Petter Amundrud, 132 stemmer
5. Veronika Vågen, 131 stemmer
6. May-Wenche Fossmark, 125 stemmer

## **Kyrkjebø sokn: Valdeltaking 16,7%**

1. Sturla Bell Fossen, 157 stemmer
2. Irene Aase Aarseth, 148 stemmer
3. Aud Kjersti Haugen, 147 stemmer
4. Kari Henny Dale, 146 stemmer
5. Ellinor H. Austreim, 140 stemmer
6. Anna Sofia Høvik, 132 stemmer

## **Lavik sokn: Valdeltaking 36,3%**

1. Torunn Styve, 190 stemmer
2. Toril Lange, 185 stemmer
3. Rolf Aamot, 179 stemmer
4. Katrin Borlaug Ringereide, 163 stemmer
5. Monica Sunde Tjønnås, 161 stemmer
6. Tonje Førde Systad, 159 stemmer
7. Wenche Liljedal, 151 stemmer
8. Annbjørg N. Kristensen, 150 stemmer
9. Maria Z. Espeseth, 150 stemmer
10. Hilde Iren Sørebo Bosdal, 148 stemmer
11. Terje Båtnes, 146 stemmer

## **Bjordal/Ortnevik sokn: Valdelt. 33,7%**

1. Sissel Sørebo, 99 stemmer
2. Alf Magnar Svartemyr, 94 stemmer
3. Ingunn Østerbo, 93 stemmer
4. Joar Oppedal, 92 stemmer
5. Kenneth Førde, 91 stemmer
6. Åge Østerbo, 90 stemmer
7. Jon Nesheim, 88 stemmer



Foto: Runar Matsui-Li

# Bjørgvin bispedømeråd 2020 – 2023

Det nye bispedømerådet 2020 – 2023 i Bjørgvin er no klart. Rådet vil bestå av fem kvinner og fem menn og har representantar frå dei tre vallistene Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Open folkekyrkje. Rådet vil starte si funksjonstid frå 1. januar 2020.



Oppe frå venstre: Nora Sætre Baartveit, Turid Fjose, Astrid Fylling, Per Hilleren, Karl Johan Kirkebø, Oddny Irene Miljeteig, Halvor Nordhaug, Kjersti Gautestad Norheim, Stein Oltedal, Vemund Atle Øiestad.

## Medlemer - leke

Nora Sætre Baartveit, f. 1994, teologistudent, Voss. Open folkekyrkje

Per Hilleren, f. 1959, bonde, Stedje. Nominasjonskomiteens liste

Stein Oltedal, f. 1952, pensjonert prest, Naustdal. Bønnelista

Karl Johan Kirkebø, f. 1950, pensjonist, Bergen. Open folkekyrkje

Turid Fjose, f. 1969, overlege, Voss. Nominasjonskomiteens liste

Oddny Irene Miljeteig, f. 1954, komitéleiar, Bergen. Open folkekyrkje

Vemund Atle Øiestad, f. 1948, pensjonist, Nordsida i Nordfjord. Nominasjonskomiteens liste

## Medlem – prest

Kjersti Gautestad Norheim, f. 1974, sokneprest i Birkeland.

## Medlem – lek kyrkjeleg tilsett

Astrid Fylling, f. 1958, diakon i Løvestakksiden.

## Biskopen er fast medlem

Halvor Nordhaug, f. 1953

Medlemene i bispedømerådet møter også i det årlege Kyrkjemøtet, som i 2020 blir 22. – 27. april i Trondheim.

## Konfirmant- Kick off i Balestrand



Lørdag 7. september reiste konfirmantane til Sygna vidaregåande skule i Balestrand på Kick off. Det er eit arrangement saman med konfirmantar frå Vik og Balestrand. Ein heil laurdag leikar vi saman under leiing av elevar ved skulen. Eg hadde ansvaret for grillposten, og grilla pølser og hamburgarar til alle konfirmantane.

Eva, Julia og Jenny var glade gjester på min post.



Sander og William nyt utsikta frå grillposten. Tekst og foto: Runar Matsui-Li

# Påmelde konfirmantar

## Høyanger 2019-2020

Amalie Austreim Abrahamsen, Benedicte Jonsson Abrahamsen, Jenny Østerbø Breidvik, Julia Leivestad Dingsøyr, Jonas Dale Eide, Ine Refsdahl Fossen, Edda Auganæs Gøthe, Live Hatlestad, Sivert Olai Sæle Holten, Jan Leander Larsen, Åshild Andrea Sæbø Lekve, Julia Angelina Nedrebø Maureira, Marius Vågen Nilsen, June Olsen, Olèa Torsnes, Celina Andersen Våmartveit, Waldemar Marchewa.

## Kyrkjebø 2019-2020

Tiril Aaland Engen,  
Trym Aaland Engen,  
Guri Sværen Klævold,  
Kristine Fureli Kvikne,  
Andreas Kyrkjebø,  
Benjamin Kyrkjebø,  
Marie Austreim Olsen,  
Jaran Solaas.

## Vadheim 2019- 2020

Julian Årseth Birkaas  
Elias Norevik Gjermundstad  
Sander Heggenes Jarstad  
Eva Constanse Lutzke  
Ariana Hjelmeland Rasdal  
Oliver Berge Ullebø

## Lavik 2019 – 2020

Ørjan Avedal  
Silje Avsnes  
Marius Hellebø Bjørkhaug  
Marie Annkatrin Ester  
Mads Andre Larsen Strandos  
Kristense Mabeol Johnson  
Kvammen

## Bjordal/Ortnevik 2019-2020

Eilin Moen Bjordal  
Bertine Førde  
Inga Førde  
Kamil Galedek



## Jubileumskonsert i Kyrkjebø kyrkje 5.10. 2019 kl. 18:00

Dei 51 frammøtte fekk høyre ein flott og variert timelang konsert med musikk frå dei fire franske komponistane Ch. Tournemire, L. Vierne, J. Langlais og Ch.M. Widor, samt musikk av den norske komponisten I. Mæland og den engelske komponisten H. Howells.

Tilhøyrarane i kyrkja likte konserten: «Jubileumskonserten i Kyrkjebø kyrkje laurdag 5. oktober var ei stor oppleving! Den dugande organisten Gerda Otterstein gav oss ein rik tonevariasjon, og viste at orgelet var godt tilpassa kyrkjerommet. Vi gratulerer kyrkjelyden med eit godt konsertinstrument! Takk for ein flott konsert i jubileumskyrkja.» *(Kjell Nese)*

«Orgelkonserten i Kyrkjebø kyrkje lørdag kveld ble en flott opplevelse. Kanskje var det for de fleste, også for meg, for det meste ukjente verk, men hvert av dem forsvarte sin plass i programmet. Fire franske komponister med forskjellige klanger og farger som både ga rom for meditasjon, og skapte indre bilder av Guds mangfoldige og nådige nærvær.

For meg personlig var det Louis Vierne's "Etoile du soir" som beveget meg mest. Og så var det så godt for sjelen, midt mellom alle disse franske og ukjente toner, å falle til ro med den vakre improvisasjonen over den norske folketonen "Jeg ser dig søde Lam" av Ivar Mæland. Her rørte musikken ved den ekte, rotnorske religiøse tradisjonen med sin særegne evne til å nå inn til hjertene. Kombinert med blikket festet på Kristus triumfator under triumfbuen, ble dette for meg kveldens andakt.



Og med marsj-tonene fra den store komponisten Charles-Marie Widor kunne musikkopplevelsen kulminere i glede og begeistring over en fin konsert-opplevelse.

Vel hjemme i Oslo, med årets store Orgel-festival for døren, med store verk og kjente organister er det bare å takke kantor for en orgelkonsert i Kyrkjebø kyrkje som ikke står noe tilbake for hoved-stadens mange flotte tilbud.» *(Asle Dingstad)*

Foto: Bjørnar Otterstein



## Jubileumsgudsteneste i Kyrkjebø kyrkje søndag 6.10.2019 kl. 11:00

I strålende solskin var det 135 personar som møtte fram til gudstenesta, på dagen 150 år etter at kyrkja vart vigsla og teken i bruk. Det kunne ikkje vore ei betre ramme for jubileumsgudstenesta! Preika for dagen vart halden av prost Reidar Knapstad. Etterpå var det kyrkjemiddag på Tronvik, der det var dekkja til 90 personar og vart servert betasuppe, med kaker og kaffi attpå. Det var også fleire talar og helsingar, mellom anna frå varaordførar.



Tekst og foto: Bjørnar Otterstein

## Song, andakt og gamle tradisjonar

Laurdag 27. april var det hyggjestund på Sørsida Bygdetun, med besøk frå dei ulike grendene på Sørsida. Trekkspelmusikken til Olav Bjordal er god tonefølgje til vårsongane, og når han også spelar kjende dansemelodiar er det nok fleire som tenkjer attende på den gongen ein var lett på foten i gamaldansen.

### Ein seglar på livets hav



Bjordal kyrkje fekk to biletvevteppe, laga av kunstnaren Maren Erland, som minnegåve etter Gullak Aarnes og Hildur Aarnes og borna i 1993.

I andakten tok Sissel Sørebo utgangspunkt i påska sine dramatiske hendingar med hylling, svik, gråt, siger og glede. På ein måte kan dette spegle mangfaldet i menneskelivet som for oss alle er ei blanding av glede og sorg, gode og vanskelege dagar. Når eit barn på Sørsida blir døypt, får det i gåve eit dåpslys som står i ein stake forma som ein båt. Det er Bjørn Rørtveit som lagar desse lysestakane for kyrkjelyden.

Dåpslyset symboliserer at Jesus vil vere vårt lys gjennom livet. Staken kan minne oss om at livet kan sjåast på som ein seglas. I Bjordal kyrkje er det også eit flott vevd teppe som er rikt på symbol om livsferda vår. I midten er kyrkjeskippet. Over ser vi Guds hand med strålar ned mot skipet. Eit stort hjarte symboliserer kjærleik. Det vart referert frå salmen «Jeg er en seiler på livets hav, på tidens skiftende bølge...»

### Mat og tradisjonar på 1940/50-talet

Lokalhistorisk emne denne gongen handla om mat. Utgangspunktet var dei to flotte bøkene som Selja forlag gav ut i samarbeid med Sogn og Fjordane bondekvinnelag i 1999, «Fjordamat», og «Alle tiders fjordamat – til høgtider og merkedagar» i 2002, med redaktørane Kari Støfringsdal og Åse Kongsvik. Fuglsetfjorden bygdekvinne­lag var aktive med å samle gamle oppskrifter, fleire var munnlege kjelder til bøkene og Bygdeservice hjelpte med bilete av mat som dei laga. Fleire som no bur på Bygdetunet har gitt oppskrifter og vore informantar. Her kan vi mellom anna lese om kalveside, potetgraut med byggmjøl, sodd, rømme­graut, mylse og lefsekling frå Sørsida av Høyanger kommune. Desse bøkene er gull verd når det gjeld å ta vare på historia!

### Sild og korb

Mange kunne fortelje om maten i barndommen. På gardane åt ein til vanleg frukost når ein var ferdig med fjøsstellet. Middag hadde ein i 12-tida. Dei borna som budde i nærleiken av skulen, gjekk heim for å ete middag. Den måtte slukast fort,

for ein hadde ikkje så lang tid. Dei andre borna hadde niste med på skulen, og fekk anten kald middag eller oppattheta middag når dei kom heim. Om ettermiddagen åt ein kaffimat som vart kalla non eller nons, og om kvelden var det kveldsmat, gjerne med middagsrester, nylaga graut eller «kaldegraut». Neste kveld kunne ein varme surmjølk og ha grauten oppi den. Dette vart kalla «sveise», noko borna ikkje var særleg glad i. Ei kunne likevel fortelje at faren hadde med «kaldegraut» i spann når han lauva om sommaren. Ein gong åt borna opp alle klumpane, så det berre var flytande att til faren. Dei heimelaga brøda vart kalla «tjukkekake».

Til middag var det m.a. spekesild, røykjesild, tørrfisk, lettsalta kokt fisk, steikt fisk, kjøt, leverkaker, spekeflesk, spekekjøt, salta kjøt og ertesuppe. Nokre fortel om korv som var opphakka kokt innmat med litt kjøt, som ein stappa i tarmar og hengde til tørk. Fleire syntes det var veldig godt. Festmat var lettsalta brosmme med rømmegraut, gjerne med mylse etterpå. Festdessert var ofte sviskegraut. Om sommaren laga ein gjerne rabarbradessert. Tørka epleskiver var gode utover vinteren. Dei som hadde killingar slakta av og til om sommaren, slik at ein fekk ferskt kjøt også då. Flatbrød laga ein gjerne opp om våren, slik at ein hadde rikeleg å ta av til onnene om sommaren.

Sjølvberginga som var vanleg på bygdene her, vart ekstra nyttig under krigen. Ein hadde plikt til å sende smør, poteter og anna mat til tyskarane i Høyanger, men ein heldt nok att til at ein ikkje leid naud. Kornet vart grovare enn vanleg, minnest fleire. Før straumen kom rundt 1958 brukte ein salting, tørking og hermetisering for å konservere maten.

Butikkane var dei første som fekk frys, og dei leigde ut små fryseboksar som folk kunne fylle opp i. Først ut på 60-talet vart det vanleg med kjøleskåp og fryseboks i heimane. Gammalost laga ein både på stølen og heime. Gunlaug Bjordal framførte dikt av Odd Njøs om gammalosten, som nok vekte minne både for syn, lukt og smak.

### Ein held på gamle tradisjonar

Til kaffien vart det servert lefse frå Ikjefjord og surmjølkslappar frå Svartemyr. Ein har byrja å ta fram igjen gamle gåter, og denne gongen kunne Bjørn Rørtveit utfordre hjerne-vinningane med ganske vanskelege, men gode gåter. Ein quiz høyrer med. På matquizen denne gongen klarte dei fleste alt rett, så det tyder at ein har god oversikt over tradisjonsmaten.



Nestleiar i soknerådet, Sølvi Gunn Kalstad, overrekte Bjørn Rørtveit ei gåve som takk for at han lagar dåpslysestakar.

Bjordal & Ortnevik sokneråd

## Friluftsgudsteneste og konfirmasjon i Måren 10. juni 2019



2. Pinsedag var det som vanleg friluftsgudsteneste i Måren, og denne dagen var det under gudstenesta konfirmasjon for Vilde Måredal Måren, som hadde bede om å få konfirmere

seg der, då ho har sterk tilknytning til staden. Det gjorde at sermonien vart ekstra høgtidssam, ikkje berre for konfirmanten og familien, men for alle dei 46 frammøtte. Etter friluftsgudstenesta var det matserving og kaffi, som smakte godt i gråværet, som då kom sigande.

Tekst og Foto: Bjørnar Otterstein

## Friluftsgudsteneste på Vadheimstølen

Tradisjonen tru var det også friluftsgudsteneste på Vadheimstølen 18. august. Som alltid hadde Kåre og Bjørg ordna med å setje opp benker til dei som kom. Om lag 30 personar var



frammøtte på ein overskya og litt grå dag, men stemninga var god. Det er noko spesielt å ha gudsteneste ute i den flotte naturen. Vinden ruskar i hår og klede. Langt borte kan ein høyre sauebjøller og bræking. Naturen har så smått teke til å førebu seg til haust. Det blir høgtid av slikt. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi. Folk hadde med seg litt i sekken eller korga, og delte

med kvarandre. Det vart litt vått, for regnet som hadde trua ei stund, bestemte seg for å kome når maten vart pakka opp. Det var ei fin stund, og vi vonar at folk kjem for å oppleve friluftsgudstenesta neste år også! Audun Digranes

## Takk til jubileumsnemnda!

Kyrkjebø kyrkje fyller 150 år i 2019. Dette meinte soknerådet var verd å feire, og tidleg i 2017 vart det vedteke å oppnemne ei nemnd som kunne førebu jubiléet. Positive, og frå før opptekne personar i soknet, vart førespurde om å vere med i nemnda, dei sa ja, og vart valde. Nemnda fekk eit romsleg mandat, og det valet viste seg å vere rett!

Nokså snart kunne nemnda presentere eit svært variert og fyldig program, som skulle strekke seg over heile jubileumsåret. Det innebar historiekveld, konfirmant-jubilèum, konsertar av ulike slag, og mot slutten av året fest-, jazz-, og historisk gudsteneste.

I tillegg fekk nemnda laga eit fint jubileumshefte med mykje interessant tekst- og biletmateriale om kyrkja vår og kva den har hatt å seie for folket i bygdene her.

Dei økonomiske rammene for nemnda sitt arbeid var nokså nøkterne. Det står difor stor respekt av det arbeidet som mange her har gjort på friviljug basis! Nemnda har tilrettelagt for gode opplevingar i kyrkja gjennom dette året, og også sett varige minne dokumentert gjennom jubileumsheftet. Alt har vore dugnadsarbeid - til glede for heile bygda!

Soknerådet meiner nemnda til fullnad har medverka til det som dei sjølve definerte som sitt mål for arbeidet: at folk på Kyrkjebø skal bli stolte av kyrkja si, få eit nærare forhold til kyrkja, historia til kyrkja og kva kyrkja kan bety i dag.

Hjarteleg takk til nemnda for vel utført arbeid !

Kyrkjebø sokneråd



Foto: Stig Øverås

Nemndsmedlemer: Finn Trædal, Irene Aase Aarseth, Inger Sundseth Solaas og Helga Hjetland



## Velkommen til prostiprest Runar Matsui-Li!

**Runar Matsui-Li** er av Bjørgvin bispedømmeråd tilsett som prostiprest i Sunnfjord frå 1. oktober 2019. Han er busett på Kyrkjebø og held fram som sokneprest fram til årsskiftet 2020 og har ansvar for konfirmantane i Høyanger sokn og Kyrkjebø sokn til ny sokneprest vert tilsett i Høyanger. Før Runar blei sokneprest i Høyanger, gjorde han teneste som misjonær i Japan. Vi ønskjer den nye prostipresten velkommen til samarbeid med medarbeidar og kyrkjelydar kring om i heile Sunnfjord prosti!

Reidar Knapstad

Prosten i Sunnfjord

---

## Takk til prostiprest Stein Oltedal!



**Stein Oltedal** vart tilsett som prostiprest i Sunnfjord prosti i 2003 og sluttar i tenesta som prest når han fyller 67 år 28. oktober 2019. Han er busett i Naustdal og har i denne perioden vore knytt til den kyrkjelege staben i Førde, og har hatt eit særskilt ansvar for Holsen og Haukedalen sokn. I tillegg har han vore tilgjengeleg for einskilde teneste kring om i heile Sunnfjord. Det er ei glede å samarbeide med Stein, og godt for ein prost å ha ein så tenestevillig medarbeidar til å ta på seg oppdrag. Mange har blitt godt kjent med Stein og opplevd seg sett og verdsett. Takk for lang og trufast teneste som prest i Sunnfjord. Vi er fleire som ønskjer han alt godt som pensjonert prest!

Reidar Knapstad

Prosten i Sunnfjord

## På Kyrkjebakken

### Haustattakkefest på Massnes Villmarksmuseum

20. oktober kl. 11 kan vi igjen vere saman på gudsteneste i takksemi for alt det gode vi har hausta i naturen. Vi håpar mange i alle aldrar kjem. Borna får utdelt bøker frå kyrkjelyden. Dei kjem inn i prosesjon med frukt og grønnsaker, som blir lodda ut under kyrkje-kaffien etter gudstenesta. Det nye soknerådet vil bli presentert, og det høver å takke det gamle for innsatsen. Merk tida! Vi gjer ein liten vri i år, slik at alle som ynskjer det kan få med seg 4H sin haustfest i Bjordal skule. Før programmet der byrjar kl. 14.30, kan ein ta seg god tid til å sjå på utstillingane. Der blir det servert varm mat. Velkommen til ein dag med gode samvær i bygda!



Det nye soknerådet, foto Ann Iren Østerbø

Frå venstre: Joar Oppedal, Ingunn Østerbø, Kenneth Førde, Sissel Sørebo og Alf Magnar Svartemyr. Åge Østerbø og Jon Nesheim var ikkje tilstades då dette biletet vart teke.

### Lavik Kantori til Bjordal

Onsdag 30. oktober kl. 18.00 må du ikkje gå glipp av salmekveld med Lavik Kantori i Bjordal kyrkje. I tillegg til korsongen, kan vi alle få vere med å syngje og lære nyare salmar som vi håpar kan bli brukt i gudstenestene framover. Hjarteleg velkommen!

### Kveldsmeditasjon i Ortnevik kyrkje

Vi held fram med kveldsmeditasjonar ein måndag i månaden kl. 20-21. Det blir musikk i om lag ein halv time frå kl. 20. Ein kan komme og gå som ein ynskjer. Om ein vil sitje i benken eller vandre rundt i kyrkja er opp til den einskilde. Lysgloben er tent, og det vil fleire stader rundt om i kyrkja vere tekststar og bøner.

### Neste kveldsmeditasjon er 11. november v/Ole Merkesvik Ådland.

Søndag 15. desember er det julekonsert i Ortnevik kyrkje, og det blir ikkje kveldsmeditasjon denne månaden.

### Hyggjestund på Sørsida Bygdetun

Laurdag 16. november kl. 15.30 er det ny samling på stova med song og trekkspel-musikk, andakt og glimt frå lokalhistoria. Denne gongen skal vi sjå på gamle skulebøker. Har du teke vare på ei bok frå skuletida di? Om du har det, er det fint om du tek ho med deg! Bjørn Rørtveit og Sissel Sørebo vil lese dikt og små stubbar frå lesebøkene som vart brukt i området. Kanskje du har eit skuleminne du har lyst til å fortelje? Vel møtt til dykk som har heimen på Bygdetunet og bygdefolk elles!

### Minikonfirmantar Lavik

På hausttakkefesten i september fekk 4. og 5. klassingar bibel. Same veke starta ein opp med minikonfirmantsamlingar for 4.-6. klasse.

Samlingane er i kyrkja rett etter skuletid 4 torsdagar før jul og 4 etter jul. På ei av dei første samlingane laga minikonfirmantane Kristuskransen.



Innspela kjem frå Bjordal og Ortnevik sokneråd, og kyrkjelydspedagog Toril Lange

## På Kyrkjebakken

Mykje folk og mange born var samla til **hausttakkefest i Lavik kyrkje** søndag 29. september 2019. Det vart ein flott og lang inngangsprosesjon der borna bar inn korgar med god frukt. Borna deltok også i dramaet om Moses i øydemarka og dei gjekk gjennom Raudehavet. På vandrainga gjennom ørkenen, fekk både vatn å drikke og manna å ete. Minikonfirmantane vart presenterte, og alle born fekk bok frå kyrkjelyden. Etter gudstenesta fekk vi smake på det som var i korgene.

Første-  
klasser



Foto: Eirin Borlaug

**Søndag 27. oktober kl. 11.00** er det **hausttakkefest i Høyanger kyrkje**. Til den får 4-åringane ein spesiell invitasjon, men alle born er velkomne til å ta med ei korg med frukt og vere med i inngangsprosesjonen.

I haust har det vore utdeling av «Mi kyrkjebø 4» og «Mi kyrkjebok 6» på hausttakkefestar i Lavik, på Kyrkjebø og i Vadheim. I fleire av sokna har det vore 4- og 6-årssamling ein ettermiddag på førehand.

I Høyanger er det **4-årssamling torsdag 24. oktober kl. 17.00** med utdeling på hausttakkefesten **søndag 27. oktober**.



**Torsdag 14. november** er det «Førsteklasses» i Høyanger kyrkje. Samlinga startar kl 17.00 og vi held på 1 tine. **Søndag 17. november kl. 17.00** er det familiegudsteneste med utdeling av «Mi kyrkjebok 6».

**Myldresamling 2** i Høyanger kyrkje, **torsdag 31. oktober frå kl. 17.15**.

Alle som vert 2 år i 2019 og som bur i Høyanger, Kyrkjebø og Vadheim, vert invitert til 2-årssamling. Der skal vi synge, tenne lys, høyre om Noah og arka og leite etter dyra som skal vere med i arka. Samlinga vert avslutta med at vi et graut i lag. Alle 2-åringane får med spisebrikke med «Å, du som mettar liten fugl», heim.

**Myldesamling 3** i Høyanger kyrkje, **torsdag 13. desember kl 17.15**.

Saminga er for alle som vert 3 år i 2019. Vi skal synge julesong, tenne lys, høyre juleforteljinga og leike med julekrubba. Vi skal også lage ein engel.

I Ortnevik er det tilbod om babysong kvar 14. dag leia av Camilla Merkesvik Ådland.

**T-dagar på Sørebø**  
**onsdag 30. oktober kl. 10.00 – 14.00**



for alle frå 2. til 4. trinn. Vi håper på fint ver slik at vi kan tenne opp grillen og spidde pølser. Vi skal også ha formingsaktivitet. Tema er: *Kva ville Jesus gjort*. Vi hentar dei som er på SFO kl. 09.50 og leverer dei dit etterpå. Invitasjonen kom i posten saman med invitasjonen til hausttakkefesten.



**Onsdag 27. november kl 10.00 – 14.00** vert det t-dag med juleverkstad på Sørebø.



## NYTT OM ALVÆRA



No er nytt Alværastyre på plass, og i møte 23. september vart styret konstituert med Ingvald Andersen Frøyen som styreleiar. Med i styret er elles Karl Hjelmeland, Jens Friis, Borghild Sætre og Toril Lange. Styret er optimistisk med tanke på vidare drift.

Målet og oppdraget er å drifte leirstaden med eit overskot på 10%. Så langt ser det ut til at Alværa vil gå i pluss i 2019. Grunnen til det er minimalt med lønsutgifter dette året. Overskotet vil bli brukt til ei oppgradering av staden. Alværa ber preg av at det i over 35 år har vore born, unge og vaksne i ulike aldrar som har vore samla på og brukt misjonssenteret. Difor er det stadig reparasjonar og ting som må skiftast ut, og i 2019 planlegg vi å få varmt



vatn i alle dusjane, skifte ut vaskemaskina og byte ut ein del madrasser.

Optimismen skuldast også all dugnaden som er lagt ned. Ca kvar 5-6 veke er det dugnadsdag på senteret. Då samlast ein frå kl. 10 til 15, med ein lang pause og eit godt måltid innimellom. På dugnadane i haust har ein beisa, klipt plen, hatt haustonn, fjerna mose på tak og vaska ut soveromsfløyen etter arrangement.

Dei neste organiserte dagsdugnadane er: måndag 14. oktober og måndag 25. november. Men det er lov å ta turen elles også. Det er nok av oppgåver å ta fatt på.

Når det gjeld bestilling framover, er det mange ledige helgar i oktober/november. Frå etter nyttår er mange helger oppbestilt, men planlegg du noko, så ta kontakt med Alværa på **48990661**. Som tidlegare nemnt vert Alværa leigd ut på

sjølvkost, dvs ein ordnar mat sjølv, og vaskar ut etter seg. Konfirmantgrupper vil få tilbod om utvask mot betaling. Sist helg var ei konfirmantgruppe frå Naustdal på Alværa. Dei hadde bestilt middag, catering frå Lavik hotell, og var veldig godt nøgde. Både hotellet og Lavik kro driv catering.

### **Adventsfest fredag 6. desember.**

I mange år har Alværa invitert til adventsfest fredag før 2. søndag i advent. Slik også i år. Middagen vert servert kl. 19 og på menyen er pinnekjøtt. Det vert litt program – kveldstankar og song, eit par åresal og kaffi og kaker. Pris kr 370,- for vaksne. Kr 100,- for born under 12 år. Påmelding til Alværa **48990661** helst innan søndag 1. desember.

Velkommen til ei hyggeleg og avslappande adventsstund!

Toril Lange

# I GLEDE OG SORG

## DØYPTE

### Høyanger kyrkje

07.07.2019 Adam Fimreite Gjerde

04.08.2019 Selma Markeset Vevle

### Kyrkjebø kyrkje

15.09.2019 Harley Fjeldsbø Høyvik

### Lavik kyrkje

25.08.2019 Aurora Mølmesdal Førde

25.08.2019 Ida Strandos Solheim

### Solstad kyrkje

18.08.2019 Jeanett Aakvik Thune



## DØDE

### Høyanger

19.06.2019 Stein Hugo Nilsen

28.06.2019 Odd Vadheim

29.06.2019 Unn Signy Øye

19.07.2019 Reidun Varden

08.08.2019 Bjørg Urdal

11.08.2019 Jørgen Tufte

02.09.2019 Margit Hansine Vedvik

### Kyrkjebø

26.06.2019 Else Jorunn Reigard

03.07.2019 Lauritz Matias Leknes

13.07.2019 Kristian Laurits Nes

31.07.2019 Geir Ivar L. Ramsli

07.08.2019 Audun Haaland

16.08.2019 Aasta Kyrkjebø

07.10.2019 Lars Hommedal

### Lavik

10.07.2019 Martin Agnar Norevik

03.08.2019 Magda Jofrid Raasholm

### Ikjefjord

28.06.2019 Brynhild Østerbø

*Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast, som somme plar gjera. Men lat oss setja mot i kvarandre, og det så mykje meir som de ser dagen nærmar seg.” (Heb.10,25)*

## Gudstenester

### 20. oktober 20. søndag i treeiningstida

Kl.11:00 Massneset v/Andreas Ester og Toril Lange. Hausttakkefest  
Kl. 18:00 Lavik v/Andreas Ester, Minnedag

### 27. oktober 21. søndag i treeiningstida

Kl.11:00 Høyanger Hausttakkefest v/Toril Lange og Runar Matsui-Li mfl.  
Kl.17:00 Kyrkjebø Jazzgudsteneste v/ Something Else, Bergen og Andreas Ester

### 3. november Helgemesse

Kl.11:00 Kyrkjebø, v/Runar Matsui-Li  
Kl.16:00 Bjordal, v/Andreas Ester

### 17. november 23. søndag i treeiningstida

Kl.17:00 Høyanger familiegudsteneste v/Toril Lange og Runar Matsui-Li

### 24. november Kristi Kongedag

Kl.11:00 Vadheim v/Andreas Ester  
Kl.16:00 Lavik v/Andreas Ester

### 28. november Torsdag

Kl. 19.00 Høyanger v/Runar Matsui-Li, felles lysmesse for Høyanger og Kyrkjebø sokn

### 1. desember 1. søndag i adventstida.

Kl.16:00 Kyrkjebø historisk gudsteneste v/Geir Sørebo.  
Kl.17:00 Bjordal Lysmesse v/Andreas Ester

### 8. desember 2.søndag i adventstiden

Kl. 11.00 Lavik v/biskop Halvor Nordhaug, Visitasgudsteneste

### 24. desember Julaftan

Kl. 12:30 Vadheim v/Runar Matsui-Li  
Kl. 14:00 Ortnevik v/Andreas Ester  
Kl. 14:30 Kyrkjebø v/Runar Matsui-Li  
Kl. 15:00 Lavik v/Toril Lange m.fl.  
Kl. 16:00 Bjordal v/Andreas Ester  
Kl. 16:00 Høyanger v/Runar Matsui-Li

### 25. desember Juledag

Kl. 12:00 Lavik v/Andreas Ester

### 26. desember 2.juledag

Kl. 12:00 Kyrkjebø v/Runar Matsui-Li  
Kl. 14:00 Ikjefjord grendahus v/A. Ester  
Kl. 16:00 Høyanger sjukeheim v/R. M.-L.

### 05. januar Kristi åpenbaringsdag

Kl. 11:00 Kyrkjebø v/Andreas Ester  
Kl. 17:00 Vadheim v/Andreas Ester

### 12. januar 2.søndag i åpenbaringstida

Kl. 11:00 Lavik v/Geir Sørebo  
Kl. 16:00 Bjordal v/Geir Sørebo

### 19. januar 3.søndag i åpenbaringstid

Kl. 12:00 Alværa v/Andreas Ester og Toril Lange, konfirmanthelg Lavik/Sørsida  
Kl. 17:00 Høyanger v/Andreas Ester

### 26. januar 4.søndag i åpenbaringstida

Kl. 12:00 Alværa v/Runar Matsui-Li, konfirmanthelg for Høyanger/Kyrkjebø

**NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook og på heimesida vår: [www.hoyanger.kyrkja.no](http://www.hoyanger.kyrkja.no)**

## Andre arrangement:

**01.11.** Kl. 18.00 Babettes Gjestebod i Høyanger kyrkje

**06.11.** Kl. 19.00 Salmekveld Lavik kyrkje

**14.11.** Kl. 19.30 Salmekveld i Kyrkjebø kyrkje

**15.11.** Kl. 19.00 Konsert med Stig Ulv i Høyanger kyrkje

**23.11.** Kl. 18.00 Orgelkonsert med Ines Maidre i Kyrkjebø kyrkje

**11.12.** Kl. 19.00 Konsert med Chris Medina i Høyanger kyrkje

**14.12.** Kl. 17.00 Julekonsert med FML i Høyanger kyrkje

**15.12.** Kl. 16.00 Julekonsert i Ortnevik kyrkje

**15.12.** Kl. 17.00 Julekonsert md KUL koret i Kyrkjebø kyrkje

**17.12.** Kl.17.00 Kulturarrangement i Høyanger kyrkje, med Høyanger skule

**19.12.** Kl. ? Konsert med Sigrid Moldestad i Høyanger kyrkje

**22.12.** Kl. 18:00 Julekonsert i Lavik kyrkje med Fjordbrass og Lavik Kantori

**INFORMASJON** Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger**Bispevisitas i Lavik og Bjordal & Ortnevik sokn i 2019.  
Invitasjon til gudstenester, andakter og pilegrimsvandring**

Vi kan glede oss til at vi får bispebesøk dette året ein gong til! Sidan sokneprest Andreas Ester fungerte som vikarprest i Gaular frå januar til mars i år kjem biskopen til Lavik og Bjordal og Ortnevik sokn i desember i år. Det er eit hovudpunkt i visitasen at biskopen vil ta seg god tid til å samtale med dei tilsette og sokneråda. Han vil vere på bedriftsbesøk, mest truleg til Sogn Aqua i Ortnevik. Samtidig så ynskjer biskopen å møte flest mogeleg folk frå bygdene våre. Difor blir det fleire flotte arrangement som er opne for alle, og vi vil gjerne hjerteleg invitere til å vere med på disse!

**Onsdag 4. desember**

15:00 – 15:45 Andakt på helsesenteret i Lavik

**Torsdag 5. desember**

11:30 – 12:15 Gudsteneste i Bjordal kyrkje med deltaking av skulen

12:30 – 13:00 Besøk på Sørsida bygdetun (Søreide) med kort andakt

15:30 – 17:00 Pilegrims- og bønevandring i Ortnevik.

Start ved stavkyrkja, til Bønens hus Sogn (tidebøn), og avslutning i Ortnevik kyrkje

**Søndag 8. desember**

11:00 Visitasgudstjeneste i Lavik kyrkje med visitasforedrag og kyrjekaffi. Visitasen skal bli ei stor og glad hending for kyrkjelydane og folk i bygda. Vi vil løfte fram det gode arbeidet og store engasjementet som vi er så glade for at det finst hos oss både i Lavik og på sørsida. Vel møtt!